

## Kjære NMS medlem/ NMS -foreining/ medarbeidar i NMS Gjenbruk



Vi kan stadfeste at det vert ei **forenkla MISJONSMESSE 31.oktober på Førde kyrkjetun** Frå kl 12.00-ca 17.00.

Det vert ein annleis messedag. Vi legg ikkje opp til program-postar som familiesamling og misjonsfest. Dette er for å unngå for mange folk samla på ei og same tid. Vi ynskjer heller at folk kjem innom, sit ned i kafè ei stund, handler varer og lodd. Det vert noko NMS informasjon innimellom. Vi håpar det skal bli ein triveleg dag, og trygg med tanke på opplegget.

Vi lyt følgje gjeldande smittevernreglar. Det betyr:

- at vi må registrere alle som kjem og går
- Vi skal ha «antibac-stasjonar»
- Vi lyt vere nøye med reinhald undervegs, og plassere stolar og bord, slik at folk ikkje sit for tett, men følgjer ein-meters regel for avstand
- Dei som har symptom på luftvegsinfeksjon må halde seg heime

### Opplegget er tenkt slik:

**Open kafè** med Laurdagsgraut , kaffi og kaker. (ikkje smørbrød)

Vi skal ha **lynlodd** istadenfor loddbok, men med fine vinstar, det vert **åresal** (papir-årer) og vi har **lykkehjul for barn**

**Varesal** vert som før, med det vi får inn av heimelaga flatbrød, syltetøy, kaker og andre gode ting, heimespøta sokkar og anna fint av handarbeid og liknande. Det vert sal av **lefser**, om nokon lurar på det.

Det blir **salg av matbillettar**, då kan ein hente maten i kafè ved å lever inn billett der.

Vi vil gjerne ha fine vinstar til åresal, gjerne i form av noko som kan brukast/etast/ :til dømes sjokolade, kaffi, te, fine såper, handkle, blomar. Bruk fantasien. Gåvekort er også fint.

Varer kan leverast på **NMS Gjenbruk, på møbelavdelinga**, der vil dei setje dette til sides og merke det misjonsmesse. De kan også levere fredag kveld, 30.oktober frå kl 18.00 på kyrkjetunet

Vi oppmodar alle som har høve til det, å **bruke bankkort eller vipps** ved betaling av varer / i kafè. Det er høve til å bruke kontantar, men vi ynskjer minst mogleg veksling av pengar.

Dersom du ikkje har høve til å kome, men ynskjer å støtte messa ved å gje ei pengegåve, kan du setje inn pengar på bank-kontor nr **3705 06 81727 merk «gåve Misjonsmesse Sunnfjord»** . Du kan også gje gåve via **Vipps nr 136872 Julemesse NMS Sunnfjord**, merk det med «gåve»

Har du spørsmål? Ta gjerne Kontakt med Rigmor Frøyen tlf 489 57 436 eller Svanhild Ask 952 19 558

Med helsing Messekomiteen: Jostein Bildøy, Bente Rauboti Haukeland, Rigmor Frøyen og Svanhild Ask